



Kultur- og kirkedepartementet
Postboks 8030 - Dep.

0030 OSLO

Saksnr.	Løpenr.	Arkivkode	Saksbehandler	Tlf.	Deres ref.	Sunndalsøra,
07/119	3903/07	C60 &13	Ingeborg Sæther	71 69 91 84		30.04.2007

HØRING "BIBLIOTEKREFORM 2014"

Sunndal kommune behandlet i teknikk-, miljø- og kulturutvalgets møte 26.04.07, TMK-sak 38/07 - Høring "Bibliotekreform 2014". Utvalget vedtok enstemmig slik høringsuttale:

- Sunndal kommune støttar i prinsippet intensjonane og strategiane i Bibliotekreform 2014 med dei merknader som framgår av vedlagte høringsuttale.
- Gjennomføring av reformen vil avhenge av at det blir gjeve tilstrekkelege statlege løyvingar både til nasjonal og lokal satsing.
- Lokal sjølråderett må ligge til grunn når samarbeidstiltak / konsolideringstiltak skal gjennomførast.

Høringsuttale – Bibliotekreform 2014

Generelle kommentarer

Sunndal kommune meiner at ugtreinga gjev eit godt bilete av dei mange utfordringane norsk biblioteksektor står overfor i åra framover. Nokre av utfordringane er imidlertid meir ei forsømming i norsk bibliotekpolitikk, enn dei er nye utfordringar. Det gjeld m.a. igangsetting og utvikling av digitale bibliotektenester.

Sunndal kommune støtter i hovedsak ugreinga sine hovudmål for biblioteksektoren 2008 – 2014:

- utvikle og tilby digitalt innhald og nettbaserte tenester
- fremje biblioteka som ressurs for læring og kultur- og litteraturformidling
- gjennomføre ei reform av bibliotekstrukturen gjennom lokale og regionale tiltak basert på lokale forhold og demokratiske vedtak
- styrke og fornye kompetansen i biblioteksektoren

- plassere bibliotekforskningen innenfor kultur- og kunnskapsforskninga og andre relevante forskningsprogrammer

Sunndal kommune er positiv til at utgreiinga legg opp til eit større statleg ansvar for utviklinga av nasjonale bibliotektenester.

Del 1. Innhald og tenester

Satsing på digitalt innhald og nettbaserte tenester er viktig for å kunne gje alle innbyggjarar i landet lik tilgang til kultur- og kunnskapskjelder, og nasjonale fellesløysingar er viktige i dette arbeidet.

Bibliotekreform 2014 har også som mål å etablere eit program for digitalisering av materiale innan heile ABM-området (arkiv, bibliotek, museum). Sunndal kommune meiner dette er viktig, og bør ha både ein nasjonal og regional profil. NDB (Det norske digitale bibliotek) vart lansert for fleire år sidan og bør kome i drift snarast.

For å kunne fylle rolla som læringsarenaer treng både folke- og skolebiblioteka systematisk fornying av kompetanse og opprusting av utstyr. Utgreiinga nemner litteraturformidling som ei kjerneoppgåve for folkebiblioteka. Eit program for litteraturformidling for å styrke desse oppgåvene vil vere eit viktig tiltak.

Ei nasjonal satsing på litteraturformidling for barn og unge i Den kulturelle skolesekken er også viktig. Det er behov for å sette av eigne midlar til dette på statsbudsjettet.

Folkebiblioteka spelar ei sers viktig rolle i arbeidet med inkludering og integrering av innvandrarbefolkninga. Eit sterkt fleispråklege bibliotek med nok ressursar er ein føresetnad for å oppfylle strategien om inkludering gjennom litteratur- og kunnskapsformidling.

Del 2. Struktur og organisering

Signala om sterkare einingar med samarbeidande / konsoliderte bibliotek er interessant. I fylket vårt og landet ellers er det gode røynsler med biblioteksamarbeid over kommunegrensar. Dei viktigaste fordelane ved interkommunalt samarbeid er felles bruk av samlingar, kompetansegevinstar og samordna bruk av ny teknologi.

Bibliotekutgreiinga inneheld imidlertid ingen konkrete framlegg til korleis kommunar skal konsolidere – berre at ei eining treng eit visst tal tilsette for å dekke kompetansebehovet, og for å få til dette må små kommunar gå saman i eit konsolidert bibliotek. Her er skjela til museumsreforma, det kunne vere fornuftig å vente med slike prosessar til museumsreforma er evaluert. Det kan vere at andre forpliktande samarbeidsformer er like hensiktsmessing.

Lokale behov og føresetnader må leggast til grunn.

Det er viktig å presisere at utgreiinga skisserer ei satsing, ikkje ein måte å spare på. I eit fylke som Møre og Romsdal med lange avstander og tidkrevande reiser, er det viktig at konsolidering ikkje blir å oppfatte som ein nedleggingsreform der kommunar risikerer å miste lokalt bibliotektilbod.

Fylkesbiblioteket si rolle skal gå meir mot koordinerings- og utviklingsarbeid, og utgreiinga signaliserer at reine driftsoppgåver i større grad bør løysast av større folkebibliotek. Dette vil vere ei naturleg utvikling, som også krev nye samarbeidsmodellar.

I bibliotekutgreiinga står det lite om økonomien i folkebibliotekvesenet. Ei samanlikning av stoda i dei fire største nordiske landa viser at det største problemet i Noreg ikkje er struktur, men økonomi. Noreg er landet som klårt brukar minst pengar pr innbyggjar, har færrest utlån pr innbyggjar og færrest årsverk pr innbyggjar (jfr. tabell i del II, ikkje vedlagt).

I reforma sine strategiar ligg forventningar om auka økonomisk innsats frå kommunane. Statlege løyvingar så det monnar er imidlertid heilt naudsynt for å stimulere til gjennomføring av reformen.

Sunndal kommune meiner elles at ein større del av utviklingsmidlar innanfor ABM-området bør kunne forvalta regionalt for betre å kunne tilpassast lokale behov og satsingar.

Det er eit generelt behov for opprusting av folkebiblioteklokale. Mange lokale er ikkje tilpassa den digitale verkelegheita, sjøl om dei er av nyare dato. Sunndal kommune ser forslaget om eit statleg investeringsprogram for biblioteklokale som positivt.

Behovet for landsdekkande transportordningar er reelt, og viktig for å gjere bibliotektilbodet like tilgjengeleg over heile landet. Her er det viktig å få ordningar som tar omsyn til utfordringa ein har i mindre sentrale strøk av landet, som delar av vårt fylke.

Eit samhandlande Norgesbibliotek vil ha behov for styrking gjennom lovverket. Framlegget om lovendring som pålegg alle offentlege bibliotek å delta i nettverket med sine ressursar, er naudsynt for å få dette til. Det er også behov for ei styrking av krava til skolebibliotek-tenester i forskriftene til opplæringslova.

Del 3. Kompetanse og forskning

Forslaga om utvikling og kompetanseheving i biblioteksektoren er positiv. Her er store behov, både i folkebiblioteka og ikkje minst i skolebiblioteka. Regionale utviklingsprogram og kompetanseplanar er det også behov for, der tverrfagleg samarbeid på ABM-området er med.

Ingeborg Sæther
biblioteksjef